Framlegg frå

1. a) Askvoll kommune vil i samarbeid med bygdene på sørsida av Førdefjorden utarbeide planar for å auke busetting og næringsutviklinga i området.. Desse planane skal presenterast og marknadsførast for næringsetablerarar, bustadkjøparar og unge slik at dette kan styrke folketalsgrunnlaget i området. Planen skal ferdigstillast i god tid før utbygging på Engebø.

   b) Askvoll kommune vil i samband med utarbeiding av plan/vedtekter for bruk av midlar frå utviklingsavtale til samfunns-, kultur- og næringsformål særleg til gode sjå bygdene som får størst ulemper av mineraluttaket.

2. Kommunestyret godkjenner framlagd avtale med atterhald om at presiseringar og detaljeringar nedanfor vert innarbeidd. Kommunestyret føreset at dei andre partane godkjenner dette.

   a) I punkt 4: Etablering av mineral- og industriinkubator vert fjerde setning omformulert slik:

   Det skal opprettast eigne vedtekter for forvaltning av midlar til kultur- og samfunnsformål i Naustdal og Askvoll. Vedtektene skal seie noko om storleiken på midlane til desse formåla og innretninga dei skal ha.

   b) I andre avsnitt, punkt 5 "Ressursar" vert det lagt til nye setningar:

   Bidraget vert årleg justert for prosentvis endring i løns/ konsumpris dei siste tolv månadane før utbetalinga. Bidraget skal justerast første gong 1 år etter inngåinga av denne avtalen, og så kvart år etterpå så lenge avtalen varer.

   c) I andre avsnitt punkt 5 "Ressursar" vert det lagt til ny setning:

   Nordic Mining ASA, eller det selskap som har konsesjon til mineraluttak i Engebø, vil bidra jamleg med ein omforeint storleik midlar til kultur, samfunns- og næringsfområl i Askvoll og Naustdal etter dei første 10 år, og så lenge mineraluttaket i Naustdal finn stad.

3. **Nordic Mining skal ha leveringsplikt for avgangsmasse og gråberg til kommunane etter nærmare avtalte vilkår.**

4. Askvoll kommune vil ta eige initiativ til at det vert starta eigne drøftingar med Nordic Mining om etablering av arbeidsrute over fjorden. ~~Ruta skal vere etablert frå anleggstart~~.